

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til [arve.uthaug@if.uib.no](mailto:arve.uthaug@if.uib.no) før neste møte.

Møtedato: 10. september 2008

Til stades:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold, Lene Johannessen, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito, John Kr. Sanaker, Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Gard B. Jensen.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen, Kristin T. Skogedal.

Frå gruppe D: ingen.

I tillegg møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik, studieleiar Siri Fredrikson og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug – alle utan røysterett.

## **Sak 1 –innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 7. mai 2008**

Godkjent utan merknader. Referatet ligg på [www.framandsprak.uib.no](http://www.framandsprak.uib.no), under ”informasjon for ansatte” og ”saksdokumenter”.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Det blir arbeidd med å få valt nye representantar frå gruppe B og D til neste møte. Representantane for desse gruppene sit for eitt år.
- B. Uthaug orienterte om oppfølginga av inneklimateproblema i HF-bygget. Chiquito meinte ein kunne fjerna byggjemateriale som står att i gangane, og kanskje kunne ein òg stenga av S-blokka igjen i resten av byggeperioden. Myrvold hadde merka sigarettlukt på kontoret og lurte på kor lukta kom frå. Hagen lurte på om toaletta i HF-

bygget ville bli pussa opp. Skogedal tek med dette siste spørsmålet til husstyret for HF-bygget, der ho er leiar.

- C. Instituttleiar Breivik orienterte om sakene frå fakultetsstyret 9. september 2008: styrings- og leiingsformer, kommunikasjonsstrategi, handlingsplan for forskarutdanninga, forskingsstrategi, inntektsfordelingsutvalet ved universitetet, rekneskapen så langt for 2008, budsjettet for 2009. Når det gjeld budsjettet, har instituttleiinga hatt møte med fakultetsleiinga som oppfølging av fagdimensjoneringsplanen ved instituttet. Fakultetet vil ha lite spelerom til å lysa ut nye stillingar i 2009, men fakultetsleiinga har likevel vyer for å byggja opp språkfag (kinesisk/japansk, arabisk og russisk er nemnt i fakultetsstyresak 78/08). Breivik orienterte òg om at fakultetet har gitt tilsegn om at den mellombelse halvparten av stillinga til Margery Vibe Skagen vil bli gjort fast.
- Beatrice Sandberg orienterte om brevet instituttrådsleiarane har sendt fakultetet om kva rolle råda bør ha i høve til fakultetsstyret.
- D. Det vil bli sendt ut nærare informasjon om fristane og framgangsmåten for undervisningsplanlegginga, men først etter seminaret med fagkoordinatorane 17. september. Johannessen streka under at treårsplanar for undervisninga vil vera ei viktig hjelp m.a. i planlegginga av forskinga.

#### **Sak 4 – endring av retningslinene for forskingsutvalet**

*Vedtak (samrøystes): Det blir gjort følgjande endringar i representasjonen til forskingsutvalet, jf punkt 2 i retningslinene for utvalet:*

*1) I andre kulepunkt står det no: "leiarane av dei forskargruppene som er administrativt forankra ved IF". Dette blir endra til: "leiarane av dei forskargruppene som er administrativt forankra ved IF, og som har minst tre tilsette ved instituttet (gruppe A eller B)".*

*2) Det blir sett inn eit nytt kulepunkt: "ein representant frå gruppe A i tillegg til og utanom leiarane av forskargruppene".*

#### **Sak 5 – semesterstart og studenttilstrøyming**

Studieleiar Siri Fredrikson orienterte om semesterstart og om tilstrøyminga til dei ulike faga. Stort sett har oppstarten gått bra. Det har vore ein del frustrasjonar knytt til timeplanarbeidet, men dette blir følgd opp andsynes utdanningsavdelinga. Rekrutteringa til den integrerte

lærerutdanninga er betre enn før, men programmet er svært komplisert å følgja opp og det har vore stor studentflukt frå programmet. Opptakssituasjonen på engelskfaget har òg vore spesiell dette semesteret, og dette skuldast m.a. at fakultetet utvida opptaket på årsstudiet utan å rådføra seg med instituttet. Saka har vore drøfta i eit eige møte med fakultetet. Neste haust vil det bli opptaksgrense på engelsk.

Fredrikson gjekk òg gjennom oppmeldingstala på dei ulike faga.

### **Sak 6 – økonomiorientering**

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug orienterte om budsjett og rekneskap så langt i 2008. Instituttet har store ubrukte midlar på driftssida av rekneskapen. Brorparten av midlane – over 3 millionar – er øyremerkte særskilte personar eller føremål. Vi kan i all hovudsak ikkje rekna med å få overført andre midlar enn påskjøningsmidlane tildelte i 2008 og driftsmidlane til stipendiatane. Andre ubrukte midlar vil bli inndregne av fakultetet ved årsskiftet. Også smådriftsmidlane (som ligg utanfor sjølve instituttbudsjettet) blir trekte inn ved årsskiftet.

Uthaug delte ut notatet ”Økonomioversyn pr 3. september 2008, Institutt for framandspråk”. Her blir budsjett og pengebruk gjennomgått nærare, og notatet er lagt ut på [www.framandsprak.uib.no](http://www.framandsprak.uib.no) saman med innkallinga til rådsmøtet 10.9.2008.

Uthaug undersøker når fakturaar må leverast inn til rekneskapskontoret for å koma med på 2008-rekneskapen.

### **Sak 7 – ymse**

- A. Sanaker bad om ei kartlegging av kor stor prosent av bachelorstudentane ved IF som reiste til utlandet på Erasmus-avtalar eller andre bilaterale avtalar i studieåret 2006/2007 (opphald på minst 3 månader). Studieadministrasjonen finn fram desse tala.
- B. Irgens etterlyste oppdatert skilting i HF-bygget. Uthaug orienterte om at det er bestilt inn ny skilting.

Beatrice Sandberg,  
leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef